



Tilbyr open hall

LINDÅS: Lindås Idrettslag tilbyr i samarbeid med Lindås kommune open hall i vinterferien. Born under ti år må ha med føresett. Hallane blir som vanleg rigga med ulike aktiviteter for born og unge, og hoppemadrassen blir sjølvstekt ein del av aktivitetane. Lindåshallen er open mellom klokka 12.00 og 17.00. Nordhordlandshallen er open måndag – fredag i vinterferieuke mellom klokka 12.00 og 16.00.



Gratis helsestasjon

MELAND: Helsestasjon for ungdom (HfU) er eit tilbod til ungdom mellom 13 og 22 år. Tilbodet er gratis, og du treng ikkje bestille time. På helsestasjonen for ungdom treff du helsesjukepleiar og lege. Dei tilsette har teieplikt. Helsestasjonen har ope onsdagar klokka 14.30 til 17.30, og opningsdagane følgjer skuleruta. Helsestasjonen finn du i rådhuset på Frekhaug.



21 millionar i pluss

RADØY: Radøy kommune fekk i 2018 tidenes beste resultat. Kommunen kan notera over 21 millionar kroner i pluss på botnlina. Radøy kommune fekk for 2018 eit netto driftsresultat på 16,5 mill. kroner – eller 3,6%, og eit mindreforbruk (botnlina) på 21,4 mill. kroner. Dei gode tala skuldast i hovudsak tilskot frå havbruksfond og inntektsutjamning grunna god skatteinngang på landsplan. Rekneskapen er ikkje revidert, og kommunen tar som vanleg atterhald om revisjonshandsaminga.

Fløksand - Vikebø i Meland er prosjekt nr. fire i Nordhordlandspakken

Har avgjort trasévalet

Innbyggjarar og politikarar i Meland har ønska at Statens vegvesen skulle sjå på fleire alternativ for kvar den nye vegen Fløksand-Vikebø skulle gå. Det har vegvesenet gjort, men dei held fast på at det er best å gå langs eksisterande veg.

YNGVE GAREN SVARDAL
yngve.svardal@nordhordland.no

I april i fjor kunne Avisa Nordhordland fortelja kva trasé som Statens vegvesen ville bygga veg ifrå Fløksand til Vikebø.

Då var det slik at samla anbefalt trasé går frå eksisterande fylkesveg 564 ved Fløksand like sør for Storåsen, nord for (bakom) Eidshaugane, kryssar Bjørndalsvegen sør for Rylandsvatnet og treffer igjen eksisterande fylkesveg ved Steinberget. Vidare nordvestover derifrå følger planlagt tiltaksområde den eksisterande fylkesvegen fram til Vikebø. Den siste kjent som B1.

Har hatt tre alternativ

Men etter fleire innspel frå innbyggjarar og politikarar har Statens vegvesen sett nærare på om det er mogleg å leggja vegen om ved Steinberget.

Fleire har nemleg hevda at det er gode argument for å gå på baksida, i staden for å følgja eksisterande trasé. Mellom anna har rådmannen i Meland jobba for å få alternativ B3 tatt med vidare.

Vegvesenet har i ein silingsrapport sett på tre alternativ forbi Steinberget.

Alternativ B1 følger i hovudsak eksisterande fylkesveg gjennom delstrekning B, bortsett frå heilt i aust, kor veglina ligg noko nord for dagens veg.

Alternativ B2 kryssar eksisterande fylkesveg like nord for Hundetjørna, går vidare nordover på vestsida av myra her, kryssar deretter Steinberget mellom dei to høgaste punkta



NY VEG: Vegvesenet held fast på at den opphavelige traseen forbi Steinberget er den beste når dei skal bygge veg på strekninga Fløksand-Vikebø, prosjekt nummer fire i Nordhordlandspakken. Dette alternativet vil gje 930 meter med ny veg. Det er sett av 110 millionar kroner i Nordhordlandspakken.

ARKIVFOTO: MORTEN SÆLE

på berget, for så å komme inn igjen på dagens fylkesveg noko vest for gnr. 43/25.

Alternativ B3 følger den same lina som B2 frå området ved Hundetjørna og fram til eit punkt nordvest for tjørna. Deretter går alternativet i eigen trasé vest for myra som ligg på vestsida av Steinberget, fram til eksisterande fylkesveg i området vest for Måsehaugane på gnr. 43/5.

15 meter djup myr

Kostnadsramma er ikkje kjent enno, men det er sett av 110 millionar kroner i Nordhordlandspakken. Alternativ B1 vil gje 930 meter med ny veg, men Vegvesenet ser mellom anna på området ved Hundetjørna som eit dyrt område, då det er spesielt dårlege grunnforhold, med ei lagvis deling mellom leire og myrmasar. Her er djupna ned til gode massar målt til om lag 15 meter.

For å fundamentera ny veg må ein anten fortrenge myra

med gode massar, eller fjerne dei dårlege massane og erstatta dei med gode. Fortrenging vert rekna for å vera det billigaste alternativet, i størrelse fem – sju millionar kroner billigare enn masseutskifting og tilkøyring av gode massar.


Prosjektleiara for Nordhordlandspakken, Håvard Dyrkolbotn, stadfestar overfor Avisa Nordhordland at dei har bestemt seg.

– Det stemmer, me vil gå langs eksisterande veg, seier Dyrkolbotn.

Det som står att elles no er å landa på kor gang- og sykkelstien skal gå. Det er snakk om å la deler av den følgja dagens trasé i området Fløksand.

Men om det er denne traseen ein til sist endar opp på er det reguleringsplanen som avgjer til sjuande og sist.

Byggestart er enno ei stund fram i tid. Ein reknar ikkje med å byrja på vegen før i 2022 og den skal stå ferdig i 2024.



TRE ALTERNATIV: Dette er dei tre alternativa forbi Steinberget ein har sett på. Vegvesenet held fast på at B1 er det beste alternativet.

KARTILLUSTRASJON: STATENS VEGVESEN